

OVERSIKT OVER FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN SITT DELEGERTE MYNDE ETTER VEDTAK I FOLKEVALDE ORGAN I MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE (SOM KJEM I TILLEGG TIL MYNDE GJEVE I DELEGERINGS- OG INNSTILLINGSREGLEMENT I SAK T-96/20)

FAG-/TENESTE-/STABSOMRÅDE: Kompetanse og næringsområdet

SAKSNR	VEDTAKSDATO	FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN SITT DELEGERTE MYNDE (vedtakstekst eller oppsummert kva delegasjon som er gitt)
T 37/11	06.06.2011	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkestinget stadfestar prinsippa for delegering frå overordna politiske organ til underutval slik dette er gjort greie for i fylkesrådmannen sitt saksframlegg av 21.2.11. • Fylkesrådmannen får mynde til å løyve inntil kr 500.000,- samla pr prosjekt av midlane frå kapittel 551.60 og tiltaksfondet i saker av "ikkje prinsipiell" betydning, jf kommunelova § 23 nr 4. Prinsipielt viktige saker skal, uavhengig av beløpsgrense, leggjast fram for politisk behandling.
T 53/10	13.10.2010	<p>Fylkesrådmannen får fullmakt til å fatte vedtak i enkeltsaker av ikkje prinsipiell karakter knytt til akvakulturforvaltninga, forvaltning av kystsel og skulekvoter.</p> <p>Fylkesutvalet får myndigheit til å fatte vedtak i saker som gjeld:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Beslutning om å krevje konsekvensutredning i behandlinga av enkeltsøknader til akvakulturløyve. • Beslutning om fremje motsegn på vegne av akvakulturnæringa i kommunale planprosessar.
T 12/10	20.04.2010	<ol style="list-style-type: none"> 1. a) Miljøutvalet får fullmakt til å tildele tilskot for hjortevilttiltak (kapittel 1425.71-1 på statsbudsjettet) og lokale vilttiltak (kapittel 1425.71-3 på statsbudsjettet). b) Nærings- og miljøutvalet får fullmakt til å tildele tilskot til rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket. 2. Kulturutvalet får fullmakt til å tildele tilskot innan friluftslivsområdet - tilskot til friluftslivstiltak (kapittel 1427 post 74) og tiltak i statleg sikra friluftsområder (kapittel 1427 post 31).
RN 26/17	14.03.2017	<p>Regional- og næringsutvalet gir myndigheit til fylkesrådmannen til å løyve tilskot frå viltfondet i saker av ikkje-prinsipiell betydning, under føresetnad av at fondet held seg omlag på dagens nivå.</p> <p>Ein årleg rapport om bruken av viltfondet skal leggjast fram for regional- og næringsutvalet.</p>

